

## Vil blåsa nytt liv i munnspelet

**LEIKANGER:** Sogn og Fjordane Folkemusikklag ønskjer å blåsa liv i munnspelet i tradisjonsmusikken i Noreg. Å bruka munnspelet til tradisjonsmusikk er på veg ut i Noreg. No høyrer du munnspelet mest brukt i rock- og bluesmusikk og litt i klassisk. For 60–70 år sidan var munnspelet alle-mannseige. Munnspelet var lite og lett å ta med seg og framfor alt billeg.

I Sverige blir munnspelet tradisjonelt halden ved lag og er for tida sterkt veksende. Ein av dei som har æra for dette er riks-spelemannen John-Erik Hammarberg (biletet) frå Alsen i Jämtland, der han som ungutt fekk inn munnspeletradisjonen direkte frå dei gamle munnspele-meistrane i området. No ønskjer Sogn og Fjordane Folkemusikklag blåsa liv i

munnspeletradisjonen i Noreg. For å få til dette blir det, i samarbeid med Naustedalens Spelemannslag, skipa til eit landsdekkande tradisjonskurs i Naustdal over to dagar i september, med John-Erik Hammarberg som instruktør. Kurset blir avslutta med spelemannsfest i Foss-halla laurdag 25. september.



## Sogndal kino



### Kinoguiden veke 30

#### Prince of Persia

Dastan er ein ung prins i Persia i det 6. århundre. Saman med Tamina, ei vakker prinsesse, må han kjempa for å forhindra at ein uærleg hedersmann får kontroll over Tidens Sand. Tidens Sand er ei gåve frå gudane som kan skru tida tilbake og la eigaren kontrollera verda.

Regi: Mike Newell  
Skuespillere: Jake Gyllenhaal, Gemma Arterton, Ben Kingsley, Alfred Molina,



### Youth in Revolt

Nick Twisp er ein unik og elskverdig tenåring med sans for dei sofistikerte tinga i livet, som Sinatra og Fellini. Han forelskar seg i den nydelege, intelligente og frigjorte Sheeni under ein campingferie med familien. Men geografi, familie og sjalu ekskjærestar konspirerer for å halda Nick og Sheeni frå kvarandre. Nick bestemmer seg for å endra sitt kjedelege, føreseielege liv, og utviklar eit rebelsk alter ego; Francois Dillinger. Med mustasje, slips og bad boy-attitude er det ingenting som skal stoppa Francois frå å vera saman med Sheeni.

Filmen blir vist utan tekst!

Regi: Miguel Arteta  
Med: Michael Cera, Portia Doubleday, Jean Smart, Zach Galifianakis, Steve Buscemi, Ray Liotta, Justin Long, Fred Willard

### Friberg kino

Nanny McPhee og det store smellet  
The Twilight saga – Eclipse

# Stavenes vitjar dampande festival

106-åring på besøk Håpar på folkefest i jubileumsbyen Veteranar inn fjorden

**FLORØ:** Atløys Venner og Veteranskipslaget Stavenes inviterer til tidens fyrste Fjordsteam i Florø helga 5. til 8. august.

– Dette blir fantastisk, seier leiari for Fjordsteam, Sander Ødelien.

Han håpar på fint vær og mykje folk til kystbyen denne helga, men legg til at stemnet uansett kjem til å gå sin gang.

### Samsegling

Det heile tek til i Bergen onsdag 4. august. Då samlast båtane til samsegling mot Skjerjehamn og deretter Florø. Ein av båtane det er knytt størst forventning til er 106-åringen D/S Stavenes, som debuterer på ny etter fleire års restaurering. Stavenes sine store forkjemparar, Hallstein Ese.

### Heim igjen

– Stavenes er ein fylkesbåt, så når den er ferdig ventar folk at ho kjem tilbake til heim-

### Fakta:

#### Rute for Sogneturen

- Måndag 9. august: Høyanger/Balestrand
- Tysdag 10. august: Leikanger/Fresvik/Flåm
- Onsdag 11. august: Gudvangen
- Torsdag 12. august: Vik/Arnafjord

(For meir informasjon:  
www.fjordsteam.no)



**FLOTT:** D/S Stavenes vart henta til Bergen i forrige veke, og vil under

Fjordsteam sjå omlag slik ut, for fyrste gong på mange, mange tiår.

(Alle foto: Fjordsteam)

fylket, sidan dei fleste identifiserar dette skipet med Sogn og Fjordane, seier ein av Stavenes sine store forkjemparar, Hallstein Ese.

Han fortel at Stavenes no er i god stand, alderen teken i betraktning.

– Me har lenge ønskt å skapa like stor blest om Stavenes-prosjektet i heile fylket. Me meiner at Sogn og Fjordane lenge har mangla ein fylkesidentitet, og i staden vert det alt for mykje regionane mot kvarandre. Stavenes er ei historie i seg sjølv, så det er ein god plass å byrja her med fylket sin kultur.

### Brannbilar

I tillegg til Stavenes er til no 44 større veteranskip, ulike skøyter og agentbåtar i tillegg til eit par hundre veteranskip påmelde til arrangementet.


– To av brannbilane som kjem frå Bergen er så kule at det ikkje er klokt, seier Sander Ødelien, og lovar at det blir moglegheit for prøvekjøring for dei yngste.

– *Trur du folk stiller opp?*

– Me vågar ikkje vente noko, men erfaringsmessig veit me at det er stor interesse for desse båtane, og at det difor brukar å koma mange på slike arrangement. Under eit tidlegare stemne i Bergen, stod 80.000 menneske på land og song «Dar kjem dampen», då båten Oster kom nyrestaurert inn, men det torer ikkje me å forventa, ler han.

Medan Nordsteam er eit skandinavisk samarbeid som har pågått sidan 1976, er Fjordsteam ei heilt ny oppfinning, som vert arrangert for fyrste gong i år.

– Ambisjonen er sjølv sagt ein fast vestlandsfestival, sei-



**STEMNING:** – Biletet er teke etter Landsstetmet i 2005 på Florø Hamn, og seier litt om stemninga vi kan vente oss, seier Sander Ødelien.



**LEKKER:** American La France 1920 kjem til Fjordsteam i Florø, for å delta saman med andre veterane brannbilar i paraden.

er Ese.

Han tykkjer det er svært viktig at veteranbåtane får meir blest og fokus.

### Vanskeleg

– Fryktar de ikkje ein ny Tall Ships Race?

– Det kan ikkje samanliknast. Me har ikkje satsa på det nivået og kjem uansett ikkje til å gå konkurs. Totalbudsjettet vårt er på 150.000 kr, og me har ikkje sett oss i noko gjeld for å få gjennomført festivalen. Det einaste Tall Ships har hatt å bety for oss er at det har

vore litt vanskeleg å få tak i sponsorar, fortel Ødelien.

Elin Stensvand  
elin@sognavis.no



**KJEM:** M/S Atloy er ein av tre båtar som tek turen til Sogn.

## Vinjerock sjarmerte

**EIDSBUGARDEN:** Etter Vinjerock i helga kunne både gjester og artistar reisa nøgde heim. Blant dei meir profilerte artistane på festivalen var Ralph Myerz & The Jack Herren Band, som verkeleg likte det dei fekk oppleve. Spesielt trommiser Tarjei Strøm var imponert, og skriv blant anna at Vinjerock var tidens flottaste festival på Twitter. Her har han og lagt ut eit bilete av Olav Stedje i den velkjende Datarock-dressen, ein raud treningsdress som etter kvart er lett å kjenna igjen.

## Ivory på Brepub

**JOSTEDAL:** Fredag 30. juli spelar Ivory på Brepub i Jostedal. Bandet spelar til dans på brepuben for 14. gong, og det blir mest låtar frå 70- og 80-talet. Arrangørane satsar på mykje folk og god stemning.

## Olsokkonsert ved Borlo Bygdetun

**LÆRDAL:** Det kjente tyske trekkspelbandet Accollage spelar til konsert på Borlo Bygdetun i kveld. Bygdetunet består av 15 restaurerte hus frå 17- og 1800-talet. Fleire av husa er flytta til staden, og alle husa har i dag utstillingar av lokalhistorie med stort mangfald, heiter det i ei pressemelding frå Borlo Bygdetun. Det er også eige

kinokale med framsyning av film og bilete. Landskapet rundt dei gamle husa med kongevegen frå 1790, og det gamle Borloskryset frå 1839 set sitt preg på staden. I dette landskapet med scene midt i kongevegen, vil ein no bruka bygdetunet som utandørs konsertplass.

## Klare for tradisjonell marknad

**FORTUN:** I helga vert det for 24. gong arrangert olsokmarknad i Fortun. Her vert det underhaldning og aktivitetar for folk i alle aldrar.

Det vert boklansering, kunst, musikk og moglegheit til å delta på ulike aktivitetar, når lokalfolket i Fortun steller i stand til årleg marknad.

### Kulturelt

– Omlag 20 nye og gamle tilbydarar kjem med handverk, flott kunst og god mat som vert å få kjøpa. Som vanleg vert det sal av rommegraut, samt grillmat kaker og kaffi, forklarar Ingeborg Steig i marknadsnemnda.

– Signe Veka skal visa fram kunst, medan Kåre Steinar Skagen vil stå for ei bilete utstilling kalla «Fortun gjennom tidene». Det skal også setjast opp ei utstilling som me kallar «Frå bestemor sitt skatteskrin», der verdifullt handarbeid kjem fram frå kister og skap. Oddny og Håvard Yttri vil syna karding og spinning, der alle kan få prøva seg, og Magnhild Havreberg Malmo vil lansera boka «Skjemt og alvor i gamle Luster». Dessutan får me besøk av Jens Brekke som skal halda kaseri i Grendehuset, og det vert konsert med Tonereise.

For dei som søker fysiske utfordringar vert det også noko å bryna seg på.

– Fortun 4H, ved Arne Olav Skagen og Tor Håkon Kilen står for ei rekke aktivitetar, til dømes klatring, buldring og leirdueskyting.

### Frå USA

– Det er venta mykje folk til helga. Me har fått melding om eit turfølje frå Wisconsin som kjem. Dei vil vera med i grendehuset på fest laurdag. Været er sjølv sagt litt avgjerande for kor mange me kan venta oss, men me har vore heldige i åra fram til no. Dermed satsar me på at det skal gå bra denne gongen også. Alle er velkomne, avsluttar Steig.

Ragnhild Myklemyr  
ragnhild@sognavis.no

### Hårek

